



Harald Johannes Hansen
Fonnebostvegen 128 A
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2203 - 18/14433

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

04.05.2018

Vedkomande tilbakeføring av tilkomstveg - gbnr 106/7, 9, 11 og 164 Fanebust

Vi syner til sak vedkomande tilbakeføring av vegen og synfaring den 03.05.2018.

Saksoversikt:

1. Kommunen vart gjort kjent med at det var etablert ein søknadspliktig veg over fleire eigedomar på Fanebust
2. Etter synfaring tilskrev kommunen tiltakshavar der det vart opplyst om søknadsplikten.
3. Søknad vart motteke her den 17.04.2017. Denne vart handsama i Plan- og miljøutvalet den 28.06.2017 der det vart gjeve avslag. Dette avslaget vart ikkje påklaga, og vedtaket er difor endeleg.
4. Vegen skal difor tilbakeførast og Lindås kommun har skissert kva rammar vi kan akseptere utifrå gjeldande regelverk, ei gangveg på maks 1,20 bredde. Tilkjørte masser utover denne bredda skal fjernast og det skal dekkast til med jord.

Slik vi forstår saka no etter synfaring i går er det framleis usemje mellom partane i saka om kva ein ynskjer i høve til tilbakeføring av vegen.

Skyldskifte gir ei privat *rett* til å nytta tomtane som tilkomst, og det er her syna ca trase for dette. Samstundes syner vi til plan- og bygningslova som sett rammar for kva ein kan utføre utan søknad om løyve. Vidare syner vi til at det krevs skriftleg samtykke i frå alle grunneigarar før ein kan gå i gang å byggje. Det er ein forskjell på kva ein har privatrettsleg avtale/rettar om, t.d. gjennom eit skøyte, og kva som vert godkjent og gjeve løyve til etter reglane i plan- og bygningslova.

Slik saka no står må grunneigarane skissere kva dei ønskjer i forhold til krav om tilbakeføring.

1. **Skal vegen tilbakeførast til ein gangveg med bredde på 1,2 meter?**
2. **Skal vegen førast tilbake i sin heilskap ved at alle tilførte massar vert fjerna og arealet jordkles?**

Vi ber om skriftleg tilbakemelding frå aktuelle grunneigara der vegen ligg om dette innan 31.05.2018.

Dersom partane ikkje vert samde innan fristen vil kommunen krevje alle massane fjerna og at arealet vert dekkast til med jord.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Harald Johannes Hansen	Fonnebostvegen 128 A	5955	LINDÅS
Ingvar Fanebust	Fonnebostvegen 156	5955	LINDÅS
Ronny Vågen Natås	Holmåsvegen 7	5955	LINDÅS